

Spørsmål og svar om koronasertifikatet, gjenopningstrinn mv:

Spørsmål knytt til dei ulike trinna/avstandskrav mm:

1. Vil det vere avstandskrav ved bruk av koronasertifikat i salar med tilviste seter?
Svar: Det vil vere krav om ein meters avstand mellom publikum også ved bruk av koronasertifikat. I salar med fastmonterte seter kan ein nytte annakvart sete på same seterad. Spekter har også fått stadfesta at ein i slike salar kan nytte kvar seterad.
2. Kva blir reglane for arrangement utan koronasertifikat?
Svar: Reglane er dei same som ved bruk av koronasertifikat. Vi har heller ikkje fått signal om at dette vil bli endra i trinn 4. Sjå svar nummer 1.
3. Kva er krava til kohortane?
Svar: Det skal vere to meters avstand mellom kohortane. Formålet er å skilje gruppene frå start til slutt, så eventuell smitte kan sporast innanfor ei gruppe, og ein ikkje får smitte mellom gruppene. Elles fell heile formålet med kohort-inndelinga bort. Det skal til dømes vera eigne inn/utgangar og toalett for kvar kohort.

Arrangørens ansvar for kontroll av koronasertifikatet:

4. Kva ansvar har arrangør for å sjekke koronasertifikata? Har dei ansvar for å avvise folk i døra utan koronasertifikat, slik ein har ved alderssjekk/legitimasjon knytt til skjenkebevilling?
5. Om arrangør er pålagt å verifisere koronasertifikatet i døra legg vi til grunn at arrangørens ansvar stopper ved grønt lys på avlesingsappen?
6. Veldig mange av våre medlemmer har svært tillitsbaserte system i dag, og publikum viser berre billetten sin til publikumsverten i døra. Avlesing av koronasertifikat vil difor bety at innlosjering av publikum vil ta veldig mykje lenger tid. Om nokon misforstår, eller klurer og ikkje få appen opp, kva gjer vi då?
 - *Svar på alle tre spørsmål over: Arrangør har eit kontrollansvar, og må verifisere koronasertifikatet ved inngangen. Personar utan gyldig sertifikat eller annan gyldig dokumentasjon skal avvisast. Reint teknisk er basert på ein avlesingsapp som les QR-koden publikum viser fram frå Helsenorge.no. Det er opna for «visuell kontroll» om det tekniske ikkje fungerer, dvs. at det også skal vere mogleg å ha med papirutskrift av koronasertifikatet.*

Testing

7. Kva tid vil tilbodet om testing vere operativt i praksis?
Svar: Tilbodet om testing skal vere klart når trinn 3 vert iverksett, dvs. 20.6 kl. 12.
8. Kor lenge er testen gyldig?
Svar: 24 timar
9. Kven gjennomfører testinga?
Svar: Testinga vert primært gjennomført av private leverandørar, eller eventuelt kommunen. Det er tre vilkår dei som testar må oppfylle.

- *Dei må kunne melde resultatet inn i MSIS Labdata.*
- *Dei må bruke anerkjente testar frå ei godkjent liste*
- *Private aktørar skal kunne gjere opp med HELFO*

10. Kan arrangørar gjennomføre testing sjølv?

Svar: Arrangørar kan i nokre tilfelle også gjennomføre testing sjølv. Men ein lege må vere ein del av tiltaket, og det må gjennomførast på ein forsvarleg måte.

11. Kva skjer når test-tilbodet ikkje leverer innan 24 timar, må publikum då halde seg unna arrangementet og arrangør refundere billetten?

Svar: Det er ein hurtigtest som skal gi svar på kort tid

12. Mange billettar er allereie selde. Betyr reglane at ein må velje om eit arrangement anten er for folk med koronasertifikat, eller ikkje?

Svar: Ja, eit arrangement er anten med eller utan koronasertifikat.

13. Skal born også testast?

Svar: Born er ikkje unntatt frå ordninga med koronasertifikat.

Avtalar mellom arrangør og privat tilbydar av hurtigtest:

14. Kven betalar for testen?

Svar: Staten betalar gjennom refusjon til det firmaet som testar. Publikum og arrangør betalar ingenting. Det betyr at det økonomiske oppgjeret er eit forhold mellom testleverandøren og styresmaktene og at den avtalen som vert inngått ikkje inneber at arrangøren må betale den private aktøren. Det er nokre unntak når det gjeld refusjon. Du må til dømes ha norsk personnummer.

15. Kva skal avtalane innebere, og korleis går arrangøren fram for å få til slike avtalar?

Svar: Kravet til "avtale med ein eller fleire tilbydarar" er meint som eit krav om at det vert inngått ein avtale med ein aktør som tilbyr testing. Avtalen skal sikre at det er tilgjengeleg testkapasitet slik at deltakarane på arrangementet som ikkje er beskytta fordi dei har gjennomgått sjukdom eller er vaksinert, kan teste seg for å kunne delta på arrangementet. Ut over dette vil avtalen vere ein privatrettsleg avtale som vert regulert av avtalerettslege reglar. Forskrifta stiller ikkje krav til avtalens innhald. Det er opp til partane korleis avtalen skal sjå ut.

16. Er det naudsynt å inngå slike avtalar for alle arrangement, eller kan arrangøren velje å legge dette over på publikum, som kan ordne dette sjølv?

Svar: Det er påkrevd etter forskrifta å inngå slike avtalar

17. Må du ha test for å kjøpe billett, eller må du ha billett for å få gratis test, eller er det nok å stille til testing å seie at du skal på ei teaterframsyning?

Svar: Det er ikkje naudsynt etter forskrifta å ha med noko dokumentasjon for å ta ein test, men avtalepartane kan avtale anna.

Sjå meir om avtalar mellom arrangør og privat tilbydar av hurtigtest her: [Ved arrangementer med koronasertifikat skal arrangør inngå avtale med privat tilbydar om testing til koronasertifikat - Helsedirektoratet](#)

Informasjon

18. Kvar finn vi/publikum informasjon?

Svar: Rettleiaren for arrangørar vil ligg på Helsedirektoratet sine heimesider (lenke over). Rettleiaren for publikum vil ligge på Helsenorge.no. Publikum må og få informasjon frå arrangør om at dei må ha med koronasertifikat og korleis dette fungerer. Arrangør kan til dømes nytte følgjande plakat: [Bruk av koronasertifikat på kulturarrangement - for publikum.pdf \(helsedirektoratet.no\)](#)

19. Korleis kan vi ta direkte kontakt med dykk for å avklare spørsmål som treng raske avklaringar, og som vi ikkje finn svar på i dokumentasjonen som ligg tilgjengeleg på nett? Oslo kommune har oppretta eit arrangementskontor, kan vi få noko liknande på nasjonalt nivå?

Svar: Kulturdepartementet avlastar helsestyresmaktene med å svare på spørsmål frå aktørar i kultur-, idretts- og frivillighetssektoren om smittevern og gjeldande reglar i den nasjonale covid-19-forskrifta. Ei eiga arbeidsgruppe i KUD svarer på denne typen spørsmål, eller tek desse vidare til helsestyresmaktene for avklaringar. Aktørar kan få kontakt ved å sende e-post til følgjande e-postadresse: postmottak@kud.dep.no.

Nyttige lenker

- [Forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet \(covid-19-forskriften\) - Lovdata](#)
- [Plan for gradvis gjenåpning - regjeringen.no](#)
- [Regjeringen fortsetter gjenåpningen - regjeringen.no](#)
- [Arrangementer, gjester i hjemmet og avstand - Helsedirektoratet](#)
- [Arrangementer, samlinger og aktiviteter - FHI](#)